

**Stem på Haram Venstre:**



**For levande  
bygdesamfunn.**

**VENSTRE**  
Folk først.





# Levande bygde- samfunn.

*Haram Venstre vil sikre gode tenester der folk bur og betre kommunikasjonar for å stø levande bygdesamfunn.*

[www.venstre.no/haram](http://www.venstre.no/haram)  
[www.facebook.com/haramvenstre](https://www.facebook.com/haramvenstre)

## Vi satsar på barn og unge

Ein god oppvekst er viktig for korleis det går seinare i livet. Difor vil Venstre satse på barnehagane, skulane, og helsestasjonane i Haram. Vi vil tilrettelegge for at lærarane skal få mest mogleg tid med elevane, blant anna ved å styrke skulehelsetenesta.

### Venstre vil:

- ✓ Auke løyvingane til skulane og barnehagane for å sikre god kvalitet og bemanning.
- ✓ Satse på tidleg innsats for barn med behov for ekstra hjelp.
- ✓ Gi meir svømmeundervisning for sikre livsviktig kompetanse.
- ✓ Bygge 1-10. skule på Eidsvikeidet i tillegg til å renovere eldre skulebygg for å sikre gode fysiske omgivnader.

## Verdig omsorg

Venstre vil styrke den kommunale helsetenesta i alle ledd. For å nå målet er det avgjerande å heve kompetansen til alle yrkesgrupper i helsetenesta og auke legedekninga på sjukeheimane.

Eit viktig tiltak for betre samordning mellom yrkesgruppene i helsetenesta er å få på plass betre samlokalisering av helse- tilboda. Venstre vil difor flytte dagens lege- og tannlegekontor i Brattvåg til sentrum der dei andre helsetilboda ligg.

### Venstre vil:

- ✓ Styrke førebyggjande helsearbeid i kommunen.
- ✓ Styrke rehabiliteringstilbodet som inneber meir sjukepleie, fysio- og ergoterapi.

## Miljø- og næringssetting

Venstre vil gjere Haram til ei føregongskommune på miljøfronten, blant anna gjennom godt planarbeid, tøffe miljøkrav på anbudsrunder og nyinvesteringar som omsorgsarenaen på Eidsvikeidet.

Omstilling til ei meir bærekraftig resurssutnytting er svært viktig for industrikommunen Haram. Vi må nytte oss betre av mogleghetene den teknologiske utviklinga har gjeve oss for å gå det grøne skiftet i møte.

### Venstre vil:

- ✓ Betre dagens kollektivtilbod.
- ✓ Bygge fleire gang- og sykkelstigar.
- ✓ Redusere klimagassutslepp.
- ✓ Sikre jordvern av dyrkamark.

## Venstre vil sikre gode tenester der folk bur.

## Morgondagens Haram

Venstre vil føre ein politikk som **held på godene** vi har i kommunen framfor å risikere desse på å gå inn i eit usikkert eksperiment som ei storkommune utan garantiar kan innebere. Det er avgjerande for oss å sikre gode tenester der folk bur uavhengig av utfallet av reformprosessen.

Vi vil vere pådrivarar for byggestart av **Nordøyvegen** og at planarbeidet med **Hamnsundsambandet** skyt fart i den neste fireårsperioden. Tiltak som nytt kommunehus og ny idretts- og kulturhall i Søvik er viktige investeringsprosjekt vi òg ynskjer å prioritere.

Vi er **imot innføring av eige-domsskatt** då vi meiner det ikkje er heldig å bruke over evne for så å sende rekninga for overforbruket til innbyggjarane og bedriftene våre.

### Venstre vil:

- ✓ Gå inn for ei rådgjevande folkeavstemming om kommunestruktur.
- ✓ Sikre eit godt desentralisert tenestetilbod i framtida.
- ✓ Ha byggeklare tomter der folk vil bu.

# Venstre sine kandidatar i Haram.



**1. Kristian Stråmyr (f.1993)**  
Ordførarkandidat, Søvik  
Venstre vil føre ein aktiv bustads- og kulturpolitikk som gjer det gunstigare å etablere seg i kommunen.



**2. Håvard Urkedal (f. 1992)**  
Student, Grytastranda  
Eg vil at ungdommar skal få meir å seie i nærmiljøet sitt, mellom anna ved å gje stemmerett til 16 åringer.



**3. Malin H. Storholt (f. 1995)**  
Student, Helland  
Venstre vil at dei kommunetilsette skal ha eit godt og trygt arbeidsmiljø.



**4. Ole Johan Høyberg (f. 1946)**  
Overlege, Vatne  
Vi vil prioritere mennesket først framfor systemet. I helsepolitikken vil vi satse på førebyggjande tiltak.



**5. Eili Ånadal Arntsen (f. 1975)**  
Heimearbeidande, Grytastranda  
Vi vil arbeide for tilstrekkelig med ressursar til opplæring og integrering.

**6. Thomas Vadset**  
(f. 1949), Tennfjord

**7. Norunn Wuttudal**  
(f. 1959), Fjørtoft

**8. Amanda Tenfjord**  
(f. 1997), Tennfjord

**9. Geir Atle Sæth**  
(f. 1957), Brattvåg

**10. Elise Remme Reitan**  
(f. 1993), Vatne

**11. Hege Melkvik**  
(f. 1975), Tennfjord

**12. Greta Tenfjord**  
(f. 1963), Tennfjord

**13. Nils Edmund Stråmyr**  
(f. 1965), Søvik

**14. Siv Hege Saltnes Klokset**  
(f. 1981), Tennfjord

**15. Karina Stråmyr**  
(f. 1966), Søvik

Les meir om politikken og kandidatane våre på Haram Venstre sin nettstad:

[www.venstre.no/haram](http://www.venstre.no/haram)



**VENSTRE**